



Venner av Selja kloster

Til: Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

14.04.2009

HØYRINGSFRÅSEGN "PILEGRIMSMOTIVET"

Vi viser til brev frå dykk 16.03.09, ref 2009/01174 KIA POG.

Årsmøtet i Venner av Selja kloster 30.03.2009 diskuterte denne saka, og har følgjande merknader til utgreiinga "På livets vei. Pilegrimsmotivet - et nasjonalt utviklingsprosjekt."

Historiske fakta

1. Selja var den første norske helgenstad og dermed det første pilegrimsmålet, då kong Olav Tryggvasson i år 996 kunngjorde at det var funne heilage bein på Selja.
2. Seljumennene/Sankta Sunniva var den første norske helgen, og gjennom mellomalderen den viktigaste saman med Sankt Olav. Sunniva var etter legenda irsk prinsesse, og såleis av kongeleg byrd, jamstilt den kongelege Sankt Olav. Ho er rekna som skytshelgen for Bergen og Vestlandet, og også nemnd som "patrona norvegiae", Norges skytshelgen. Sunniva vart dyrka som helgen over heile Norden, og også på dei britiske øyane. Ho er også den einaste norske kvinnelege helgen.
3. Selja vart bispesete kring år 1068, samstundes med Oslo og Nidaros. Heile Vestlandet, frå Sunnmøre til og med Agder, låg under biskopen av Selja. Først i 1170 vart bispesetet flytta til Bergen, der skrinet med dei heilage leivningane etter Sunniva vart sett på alteret i den nybygde Kristkyrkja.
4. Selja fekk kring år 1100 eit benediktinarkloster, som truleg var det første i landet. Klosteret vart bygd ut på 11-1200-talet, og ruinanlegget i dag er det største i landet.
5. Ingen annan stad i Norge har dei tre funksjonane pilegrimsmål-bispesete-kloster samla så tett i same anlegg som Selja.
6. Selja var eit av dei viktigaste pilegrimsmåla i norsk mellomalder og tiltrekte seg pilegrimar både frå inn- og utland. Funn av pilegrimsmerke på Selja m.a. frå Italia, Frankrike og Nederland viser at pilegrimane kom langvegesfrå.
7. Seljumannamesse 8. juli er den eldste norske merkedagen, nemnd i dei eldste utgåvene av både Gulatingslova, Frostatingslova og Eidsivatingslova. Seljumannemessa var del av kristenretten somkong Olav Haraldsson innført på tinget på Moster i 1024 medan han enno var konge og før han vart helgenkåra som Olav den heilage.

8. Dei fleste pilegrimar i mellomalderen reiste sjøvegen, og Selja ligg midt i leia, i høveleg avstand midt mellom dei to viktigaste byane, Bergen og Trondheim. Seljumannamesse 8. juli var ein naturleg stoppestad for pilegrimar som også skulle til Olsok i Trondheim 30. juli.

Dagens situasjon

1. Det meste særmerkte helgenanlegg i landet ligg på Selja. Det består av ei hule og ein heller med store terrassar framfor. Terrassane framfor helleren finst ikkje maken til nokon stad. Dei er bygde midt oppe i ei bratt ur, og er ingeniørkunst av høg klasse. Odd munk, som skreiv ned Sunnivalegenda kring år 1190, omtalte terrassane som "det største manneverk i norderlanda." På ein av terrassane ligg ruinane av Sunnivakyrkja, der Sunnivaskrinet stod på alteret fram til år 1170.

2. På Selja er det ruinar av både eit kloster og eit helgenanlegg, med ei særmerkt og stemningsskapande plassering på ei lita øy, ytst mot havet, utan moderne innretningar av noko slag.

3. Plasseringa av pilegrimsmålet Selja ytst mot havet i vest, minner om Santiago de Compostela, og dette er eit faktum pilegrimssatsinga i Norge bør vite å utnytte.

4. Selja er eit viktig pilegrimsmål også i dag, der mange av dei tilreisande reknar seg som pilegrimar. I 2008 registrerte Turistinformasjonen i Selje 6300 besøkande (dei fleste kjøpte billett med Klosterbåten), som er eit betydeleg tal.

5. Riksantikvaren løyver kvart år millionbeløp til vedlikehald og skjøtsel av Selja kloster- og helgenanlegg, og har Selja som eit av sine høgst prioriterte anlegg i landet. Selje kommune og andre lokale aktørar gjer også ein stor innsats, m.a. med formidling og tilrettelegging av pilegrimstrafikken til Selja.

Utgreiinga "Pilegrimsmotivet"

Venner av Selja kloster meiner utgreiinga har alt for sterkt og einsidig fokus på Sankt Olav og Nidaros som pilegrimsmål, og på at pilegrimsleiene gjekk over land. All kunnskap vi har om reisemåtar og kommunikasjonar i mellomalderen fortel at ferdsel med båt langs kysten var ein langt viktigare og vanlegare måte å ta seg fram på. Adam av Bremen, som rapporten elles siterer mange stader, understrekar dette slik kring år 1075: "Denne vegen over fjella (dvs over land til Trondheim) tek lenger tid og ettersom han er farefull vert han unngått av dei fleste". Han rår folk til å segle langs Vestlandskysten i staden.

Tydelegare kan det ikkje seiast at dei fleste pilegrimar også til Trondheim reiste sjøvegen. Dette er nemnt så vidt i utgreiinga s 22, pkt 8.2.3, men er elles ikkje gjort noko meir ut av. Tvert om, utgreiinga har omfattande omtale av pilegrimsleiene over land, sjølv om det er eit faktum at langt dei fleste pilegrimar reiste med båt langs kysten.

Pilegrimsmålet Selja ligg i denne samanhengen "midt i leia", lett tilgjengeleg, men utgreiinga omtalar dette faktum berre med ein setning. Dette faktum er ein alvorleg mangel med framstillinga.

Også Adam av Bremen kjende til Sunniva og Selja som helgenstad, og han nemner det før han nemner Olav og Nidaros.

Selja var på den tid det viktigaste religiøse senter på Vestlandet. Då Olav Kyrre kring 1068 delte landet i tre faste bispedøme, valde han Oslo, Nidaros og Selja som bispesete. Sidan dei to andre bispeseta var byar som låg sentralt i landsdelane sine, var Selja relativt sett endå viktigare, sidan Selja ikkje var ein by, og i tillegg låg i utkanten av det store bispedømet som strekte seg heilt frå Agder til Sunnmøre. Det er liten tvil om at det nettopp er pilegrimsmålet Selja som har vore så viktig for kongen at han valde å leggje bispesetet der. Klosteret på Selja kom der av same grunn nokre tiår seinare. Dette er velkjende faktum som utgreiinga ser heilt vekk i frå.

Utgreiinga gir inntrykk av at Trondheim også for dagens pilegrimar er det einaste målet. Det er fullstendig feil, og Selja er så absolutt eit viktig pilegrimsmål også i dag. Utgreiinga legg også opp til ei uakseptabel skeivfordeling i favør av Trondheim, når det gjeld den offentlege ressursbruken i pilegrimssatsinga.

Konklusjon

Det er mange og tunge argument som plasserer Selja sentralt både i norsk pilegrimshistorie og i dagens pilegrimsaktivitet. Det er såleis uforståeleg og uakseptabelt at utgreiinga "Pilegrimsmotivet" i så stor grad ser vekk i frå dette, og heller ikkje har noko tiltak å kome med når det gjeld Selja.

Venner av Selja kloster meiner følgjande tiltak må gjennomførast:

1. Selja må få eigen pilegrimsprest i 100% stilling.
2. Selja må få eige pilegrimssenter.
3. Det må setjast av ressursar til forskning og dokumentasjon av pilegrimsleia langs kysten, der Selja er den viktigaste stoppestaden.
4. Det må gjevast støtte til gaidbok om pilegrimsleia langs kysten, på same måte som til gaidbøker om innlandsleiene.
5. Det må gjevast støtte til skilting, marknadsføring og annan informasjon om pilegrimsleia langs heile norskekysten.

Beste helsing

Torkjell Djupedal

leiar

Venner av Selja kloster